

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2023

SULA KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS gjennomført ei kort risiko- og vesentlegvurdering av eigarskapen i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

Sidan Sula kommune ikkje har vedteke eigarskapsmelding, er det vår vurdering at dette bør prioriterast. Vidare bør kontrollutvalet vurdere å prioritere å vere på med eventuelle eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Ålesund, 20.10.2020

INNHALD

1 Innleiing	5
1.1 Eigarskapskontroll	5
1.2 Metode og gjennomføring	5
2 Eigarskapsmelding og oversyn over selskap som kommunen eig	5
2.1 Eigarskapsmelding.....	5
2.2 Oversyn over selskap Sula kommune eig eller har eigarinteresse i	6
2.3 Politiske saker og tidlegare eigarskapskontrollar	7
3 Vurdering	9
4 Vedlegg	10

1 INNLEIING

1.1 EIGARSKAPSKONTROLL

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene kommunen har i selskap mv. som kommunen har eigarinteresser i. Dette blir omtala som eigarskapskontroll. I § 23-4 går det fram reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Eigarskapsmelding vil vere eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegsvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring i høve kommunalt eigde selskap mv. Eit viktig grep er at det nå gjeld eit lovfesteta krav om eigarskapsmelding jf. § 26-1. Her går det fram minimumskrav til innhald i meldinga, og at meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og bli vedtatt av kommunestyret.

Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska saker, at eventuelle medeigarar blir likebehandla og at selskapet sin uavhengighet blir oppretthalden.

1.2 METODE OG GJENNOMFØRING

Risiko- og vesentlegvurderinga er bygd på informasjon om Sula kommune. Det er sett på politiske vedtak, hovudprinsipp for eigarstrategi, rekneskap og tidlegare eigarskapskontrollar.

2 EIGARSKAPSMELDING OG OVERSYN OVER SELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

2.1 EIGARSKAPSMELDING

KS rår til at eigarskapsmeldinga minimum bør ha desse hovudpunkta¹:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*

¹ https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv

Sula kommune har pr. 12.10.2020 ikkje vedteke eigarskapsmelding.

Det vart i vart i mai 2018 vedteken ein kort «Hovudprinsipp for eigarstrategi» (vedlegg).

2.2 OVERSYN OVER SELSKAP SULA KOMMUNE EIG ELLER HAR EIGARINTERESSE I

Årsrekneskapen for Sula kommune har i note oppdatert oversyn over aksjar og andelar som kommunen har i varig eige:

NOTE nr. 11 Finansielle anleggsmidler og omløpsmidlar

Aksjar og andelar:

	2019	2018
EIGENKAPITALINNSKUDD KLP	17 857 628	16 332 539
BIBLIOTEKSENTRALEN KR 1.500	1	1
A/S DAG OG TID	100	100
A/S NORDHEIS	1 900	1 900
ÅL. OG GISKE BRUSELSKAP KR. 25.000	1	1
NORDØYVEGEN KR. 2.000	1	1
STORFJORDSAMBANDET KR. 2.000	1	1
HURDALSENTERET KR. 5.000	1	1
HAREID FAST.L.	40 001	40 001
TRESFJORDBRUA	5 000	5 000
DET NORSKE TEATER	1 000	1 000
SULA BEDRIFTSTENESTE	450 000	450 000
SULA RIDE OG FRITIDSS	25 000	25 000
MURITUN	60 000	60 000
SULA IDRETTSUTVIKLING	1 700 000	1 700 000
SUNNMØRE VEGINVEST	29 000	29 000
ÅRIM	41 000	41 000
ROVDEFJORD BRUA	10 000	10 000
THE NORTH WEST	105 000	285 800
UTVIKLINGSFORUMET FOR ÅLESUND LUFTHAVN	25 000	25 000
Møre og Romsdal Revisjon	105 000	
SUM	20 455 634	19 006 345

Obs, Sula idrettsutvikling er avvika og blir avskrevet i 2020.

Eit raskt søk på proff.no gir følgande oversyn over aksjeselskap:

Sula Bedriftsteneste AS, 45 aksjar, andel 100%

The North West AS, 35 aksjar, andel 7,216%

Utviklingsforum For Ålesund Lufthavn, Vigra AS, 1 aksje, andel 2,439%

Hareid Fastlandssamband AS, 60 aksjar, 0,791%

I rekneskapen til ÅRIM IKS for 2019 gjekk det fram at Sula kommune hadde 8,2% av innskoten eigenkapital i selskapet (kr 41.000).

På heimesida til Sunnmøre Regionråd IKS går det fram at alle deltakarane (14 kommunar) har lik eigardel i selskapet.

2.3 POLITISKE SAKER OG TIDLEGARE EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kommunestyret handsamer med jamne mellom saker knytt til eigarskap i aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap mv. Gjennomgang av saker i kommunestyret (og delvis formannskapet) frå 01.01.2018 viser at det har vore oppe ei rekkje saker anten som referatsaker eller eigne saker:

- Ny selskapsavtale for Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) (Kommunestyret 17.09.2020, sak 81/20)
- Val av medlem og varamedlem til representantskapet i ÅRIM (Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap) (Kommunestyret 17.9.2020, sak 82/20)
- Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2020 i Sunnmøre Regionråd IKS (Kommunestyret 27.08.2020, referatsak 15/20)
- Landstraum til cruiseskip – mynde til å etablere Plug Ålesund AS – ny behandling (Kommunestyret 17.06.2020, sak 53/20)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM – endra høyringsuttale frå Sula kommune (Kommunestyret 17.06.2020, sak 63/20)
- Invitasjon til aksjeteikning Rovdefjordsambandet (Formannskapet 09.06.2020, referatsak 21/20)
- Sula Bedriftsteneste AS. Generalforsamling 2020 (Formannskapet 10.03.2020, sak 30/20)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM – ny høyringsrunde med frist 28.02.2020 – høyringsuttale frå Sula kommune (Kommunestyret 12.02.2020, sak 21/20)
- Møtebok frå representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 12.02.2020, referatsak 02/20)
- Sula Bedriftsteneste AS. Antal styremedlemmer (Formannskapet 11.12.2019, sak 122/19)
- Sula Bedriftsteneste AS. Styrehonorar (Formannskapet 11.12.2019, sak 123/19)
- Helseplattformen AS. Fornyng av opsjonsavtale om kjøp/leige (Kommunestyret 14.11.2019, sak 86/19)
- The North West AS. Kjøp av aksjer. (Kommunestyret 14.11.2019, sak 91/19)
- Val av medlem og varamedlem - representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Kommunestyret 14.11.2019, sak 95/19)
- Val av medlem og varamedlem til representantskapet for Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 14.11.2019, sak 100/19)

- Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Val av medlem og varamedlem - representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Kommunestyret 03.10.2019, sak 69/19)
- Innkalling til årsmøte (stiftelsesmøte) i Møre og Romsdal Revisjon SA. (Formannskapet 27.08.2019, referatsak 25/19)
- Sula Bedriftsteneste AS – Søknad om kommunal garanti (Kommunestyret 13.06.2019, sak 50/19)
- Sak frå representantskapet i SKS IKS om endring av selskapsavtale til handsaming i eigarkommunane og fellesnemndene. (Kommunestyret 13.06.2019, referatsak 06/19)
- Forslag til endringar i selskapsavtalen for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (Kommunestyret 15.05.2019, sak 32/19)
- Sula Bedriftsteneste AS – Årsrekneskap og årsmelding 2018. (Formannskapet 10.04.2019, sak 40/19)
- Årsmøte i ÅRIM IKS 29.04.2019 – merknader til sakene (Formannskapet 10.04.2019, sak 39/19)
- Årleg driftstilskot til The North West AS. (Kommunestyret 04.04.2019, sak 14/19)
- Samanslåing av Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 04.04.2019, sak 19/19)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM med frist 01.03.2019 – høyringsuttale frå Sula kommune (Kommunestyret 14.02.2019, sak 07/19)
- Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS. (Kommunestyret 14.06.2018, sak 51/18)
- The North West – resyme 2018 (Kommunestyret 14.06.2018, referatsak 14/18)
- Etske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi (Kommunestyret 03.05.2018, sak 30/18)
- Sula Bedriftsteneste AS. Søknad om auka kommunal andel på tilskot. Utsett sak (Kommunestyret 22.03.2018, sak 16/18)
- Rapport om fond og ÅRIM. (Kommunestyret 22.03.2018, referatsak 09/18)
- Sula Bedriftsteneste AS – Generalforsamling 2018 (Formannskapet 27.02.2018, sak 20/18)
- Aksjetegning i The North West AS – innbetalingsfrist 20.12.17. (Kommunestyret 14.02.2018, referatsak 01/18)

Førre eigarskapskontroll som vart gjennomført i Sula kommune var «Selskapskontroll Sula Bedriftsteneste as» i 2016. Tilrådingane i rapporten var:

- Sula kommune bør vurdere å utarbeide og vedta eigarskapsmeldingar der strategiar og eventuelle krav til rapportering går fram
- Sula Bedriftsteneste as bør vurdere å inngå avtalar om styreansvarsforsikringar.
- Sula kommune bør vurdere å be om orientering frå selskapet om korleis mindre innkjøp blir handtert i samsvar med regelverket.
- Det bør vurderast å greie ut om offentleglova gjeld for Sula Bedriftsteneste s
- Sula Bedriftsteneste as bør vurdere å gjennomføre ei risikoevaluering av verksemda med omsyn til mislegheiter.

Kommunestyret vedtok 15.09.16 følgande:

Kommunestyret vedtar å byrje arbeidet med å iverksette tilrådingane i rapporten frå kontrollutvalet som gjeld Selskapskontroll ved Sula Bedriftsteneste AS.

1. Sula kommune ved rådmannen vil utarbeide eigarskapsmelding der strategiar og eventuelle krav til rapportering og dokumentasjon går fram.
2. Sula kommunestyre ber Sula Bedriftsteneste AS forhandle fram avtale om styreansvarsforsikring. Formannskapet skal behandle utkast til avtale.

3. Sula kommune ved rådmannen vil be om orientering frå selskapet om korleis mindre innkjøp blir handtert.
4. Sula kommunestyre ber om at Sula Bedriftsteneste AS greier ut om dei er omfatta av offentleglova.
5. Sula kommunestyre ber Sula Bedriftsteneste AS gjennomføre risikovurdering med omsyn til misleghald.

Det er no vidare slik at Sula Bedriftsteneste as rapporterer månadleg med rekneskapsrapport til kommunen med kommentarar. Det blir då gitt informasjon til rådmann, økonomisjef og ordførar. Rådmannen vurderer det slik at dei gjennom dette får jamt god informasjon om økonomisk status i selskapet.

Det vart i 2018 utarbeidd både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av ÅRIM IKS, etter bestilling frå Ålesund kontrollutval.

I eigarskapskontrollsaken gjorde Ålesund bystyre følgande vedtak:

1. Bystyret tar rapporten til orientering.
2. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om oppgavefordelingen mellom ÅRIM og Bingsa Næring.
3. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om samordning av strategiene for ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord Kraftvarme AS innen utgangen av 2019.
4. Bystyret ber rådmannen om å vurdere å ta et initiativ ovenfor Sunnmøre Regionråd med sikte på å gi dem en rolle i opplæringen av politikere som har verv i styrende organer, og eventuelt vurderer andre funksjoner regionrådet kan ha i forhold til eierskapsstyringen.

3 VURDERING

Aktuelle tema å vurdere vil kunne vere om

- kommunen har utydelege prinsipp for utøving av eigarskap
- kommunen har føringar på habilitet
- Praktisering av offentlegheit
- Føremålet med eigarskap er uklart
- Kontroll av om selskap når sine mål
- Kommunestyret sine vedtak blir følgde
- Føringar for kompetanse styresamansetning

Sula kommune har som tidlegare nemnt ikkje utarbeidd eigarskapsmelding. Sjølv om kommunen ikkje har store eigardelar i mange selskap er det vår vurdering at ei slik melding raskt bør utarbeidast for å gi eit samla transparent oversyn over selskap og styringssignal.

Sjølv om det ikkje ligg føre eigarskapsmelding, er det utarbeidd eit overordna styringsdokument gjennom «Hovudprinsippa for eigarstrategi», og der det til dømes går fram at eigarskapen skal vere basert på prinsipp om meirinnsyn.

Det er vidare også slik at formannskapet kvart år handsamar årsrekneskap og årsmelding for Sula Bedriftsteneste as, og det har og vore fleire saker om ÅRIM IKS i kommunestyret dei siste åra.

Dersom det blir utarbeidd eigarskapsmelding relativt raskt, vil det etter vår vurdering vere mest naturleg at kontrollutvalet i etterkant vurderer å sjå nærare på

- Korleis Sula kommune utøvar sitt eigarskap
- Korleis Sula kommune og andre eigarkommunar utøvar sitt eigarskap i fellesskap

4 VEDLEGG

Hovudsprinsipp for eigarstrategi – vedteke 03.05.2018 – sak 030/18

Hovudsprinsipp for eigarstrategi

1. Sula kommune skal forvalte sitt eigarskap på ein open måte, basert på prinsippet om meirinnsyn. Det same skal gjelde for dei verksemdene kommunen har eigarforhold til.
2. Kommunen ønskjer eigarskap som fremjar samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling.
3. Kommunen skal legge vekt på at selskap der kommunen har eigarskap, blir sikra eit godt og handlekraftig styre.
4. Godtgjersler til styret skal ligge på eit moderat nivå.
5. For kommunale føretak skal kommunens arbeidsgjevarpolitikk gjelde. Dette skal så langt råd også gjelde for alle heileigde selskap.
6. Kommunen ønskjer å ha god dialog med sine selskap på ulike nivå både administrativt og politisk. Det bør årleg bli invitert til informasjons- og strategimøte med dei viktigaste selskapa. Kommunen ønskjer at eigarskapet blir følgt opp med rutinar for rapportering.
7. For føretak og alle heileigde selskap skal kommunens etiske retningslinjer gjelde. For dei andre selskapa føreset kommunen at styret utarbeider og følgjer opp etiske retningslinjer for sitt selskap.
8. Ved oppstart av nye kommunevalperiode skal eigarskapsmelding og eigarskapspolitikk bli ein del av folkevaldeopplæringa.
9. Kommunen ønskjer gjennom sitt eigarskap å gi styret klare mål, og saman med styret bidra til å finne gode og nyttige endringar og justeringar.
10. Kommunen kan ha ulike roller overfor det enkelte selskap, for eksempel som kunde, forvaltningsorgan eller eigar. Kommunen skal vere påpasseleg med ikkje å blande desse rollene.
11. Kommunen ønskjer å vere ein ansvarleg eigar. Store endringar i eigarstrategi skal vere utgreidd og vurdert grundig før vedtak blir gjort.